

Notat 2004–9

Samdrifter i mjølkeproduksjonen

– resultat fr rekneskapsgransking 2000 og 2001

Heidi Knutsen

Tittel	Samdrifter i mjølkeproduksjonen – resultat frå rekneskapsgransking 2000 og 2001
Forfatter	Heidi Knutsen
Prosjekt	Spesialundersøkelser, samdrift (D510)
Utgiver	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
Utgiversted	Oslo
Utgivelsesår	2004
Antall sider	23
ISBN	82-7077-566-5
ISSN	0805-9691
Emneord	samdrift, driftsøkonomi, produksjonsomfang, arbeid, dekningsbidrag, driftsoverskot, arbeidsforteneste

Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Talet på samdrifter har auka sterkt dei siste åra, og mjølkeproduksjonsbruk som deltek i samdrift med eit eller fleire andre bruk, utgjer om lag 12 % av mjølkeprodusentane. Samdriftene er organiserte på ulike måtar, og førebels vert bruk som går inn i samdrift, tekne ut av driftsgranskingane i jord- og skogbruk. Det finst derfor ikkje tilsvarende rekneskapsstatistikk for samdrifter i mjølkeproduksjon som for andre mjølkeproduksjonsbruk. For å få betre innsyn i økonomien for samdrifter, vart det frå og med rekneskapsåret 2000, som ein del av NILFs spesialgranskingar i driftsøkonomi, starta ei rekneskapsgransking av samdrifter. I dette notatet vert dei første resultatane frå spesialgranskingane presenterte.

På sikt er det ønskeleg at samdrift i mjølkeproduksjonen inngår som ei driftsform i driftsgranskingane. Arbeidet med spesialgranskingane gjev nyttig erfaring med korleis ein best kan presentere rekneskapsresultat frå samdriftene. Dette notatet vil også vere eit grunnlag for å vurdere korleis ein i framtida skal handtere samdriftene i driftsgranskingane.

Arbeidet med utarbeiding av driftsrekneskap for samdriftene er utført ved alle kontora til NILF. Heidi Knutsen har sett saman resultatane og skrive notatet.

Vi vil takke brukarane som har lånt oss rekneskap og gjeve tilleggsopplysningar. Ein takk også til dei som har lese notatet og kome med nyttige innspel, og til Gerd Bråten som har klargjort notatet til trykking.

Oslo, mars 2004

Kjell Bjarte Ringøy

Innhald

1	INNLEIING	1
1.1	Driftsgranskingane	2
1.1.1	Samdrift i mjølkeproduksjon	3
1.2	Tidlegare undersøkingar i Noreg.....	3
1.3	Spesialgransking.....	3
2	UTVAL OG METODE	5
2.1	Driftsrekneskap for samdriftene.....	5
2.2	Samanlikningsgrupper.....	6
3	PRODUKSJONSOMFANG OG INNSATSFaktorAR.....	9
3.1	Produksjonsomfang	9
3.2	Eigedelar.....	10
3.3	Arbeid.....	11
3.4	Produksjonsinntekter	11
3.5	Kostnader	153
3.5.1	Variable kostnader	15
3.6	Faste kostnader	15
4	RESULTATMÅL I JORDBRUKET	17
4.1	Dekningsbidrag	17
4.2	Driftsoverskot.....	18
4.3	Arbeidsforteneste	19
4.4	Lønsevne	19
5	OPPSUMMERING.....	21

1 Innleiing

I Noreg vart dei første samdriftene starta opp i åra 1947–1950. Dette var fellesfjøs der berre fjøset og mjølkeproduksjonen var felles. Fjøset vart drive med leigd røktar, og medlemmane starta opp med alternative produksjonar på eigne bruk. Samla gav dette svak økonomi på fjøset og god økonomi heime, og interessa for fellesfjøset og drifta av det vart liten. Etter relativt få år vart derfor desse fellesfjøsa lagde ned.

Frå ca. 1965 vart ein ny organisasjonsform tatt i bruk ved Røros Fellesfjøs, med felles fôr og husdyrhald, og der deltakarane si arbeidskraft vart nytta i samdrifta. Framover til ca. 1980 vart det etablert om lag 100 slike tiltak, særleg i utkantområde. Mange av desse samdriftene er framleis i drift.

Rundt 1980 vart det innført store endringar i tilskotsordningane for samdrifter. Dei økonomiske rammene vart vesentleg dårlegare, og all etablering av nye samdrifter stoppa opp. Seinare vart dei tidlegare tilskotsordningane delvis gjenoppretta, slik at mange av dei eksisterande samdriftene overlevde.

Tabell 1.1 Utvikling i tal samdrifter 1995–2004

rstal	Tal samdrifter
1995	146
1996	170
1997	213
1998	320
1999	432
2000	529
2001	701
2002	873
2003	1058
2004 ¹	1169

1) Tal samdrifter godkjent pr. 26.02.2004, både etablerte samdrifter og samdrifter som har fått godkjenning til å starte opp seinare.
Kjelde: Samdriftenes kontaktorgan (SKO)

Talet på samdrifter i mjølkeproduksjon har igjen auka sterkt dei siste åra. I februar 2004 var det registrert 1 169 samdrifter som var etablerte, eller som hadde fått godkjenning til å starte opp seinare (sjå tabell 1.1). Dei fleste av samdriftene består av to bruk, men det er også etablert fleire samdrifter med tre eller fleire deltakarar.

Tabell 1.2 Tal bruk per samdrift, april 2003

	Tal bruk per samdrift						Sum	Tal bruk som inngår i samdrift
	2	3	4	5	6	7		
Østfold	13						13	26
Akershus	5	1					6	13
Hedmark	31	8	2				41	94
Oppland	235	31	3	2		1	272	592
Buskerud	8	4	3				15	40
Vestfold	5	2					7	16
Telemark	11	2	1				14	32
Aust-Agder	9						9	18
Vest-Agder	19						19	38
Rogaland	168	16	7	3		1	195	434
Hordaland	65	4	1				70	146
Sogn og Fjordane	68	13	1			1	83	186
Møre og Romsdal	78	12	6		1	1	98	229
Sør- Trøndelag	70	10	5	1			86	195
Nord- Trøndelag	139	19	7	3		3	171	399
Nordland	53	5					58	121
Troms	7	1					8	17
Finnmark	3		1				4	10
	987	128	37	9	1	7	1169	2606

Kjelde: SKO

1.1 Driftsgranskingane

«Driftsgranskinger i jord og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgransking der det inngår om lag 1000 bruk frå heile landet. Driftsgranskingane har som hovudformål å vise resultat og utvikling i økonomiske forhold på gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit vesentleg omfang. Dei skal mellom anna vise resultat og utvikling for brukarfamilien, for ulike driftsformer, bruk av ulik storleik og geografiske skilnader. Driftsgranskingane vert mellom anna nytta til samanlikningar med anna nasjonal og internasjonal statistikk, til forskning og utgreiing og som grunnlag for offentleg politikk og forvaltning.

Driftsgranskingane bygger på skatterekneskap som er omarbeidd til driftsrekneskap. I tillegg vert det samla inn opplysningar som ein til vanleg ikkje finn i skatterekneskapen, som arbeidsforbruk og avlingar. Bruka som er med i driftsgranskingane er i hovudsak familiebruk med ein arbeidsinnsats i jordbruket på mellom 1 800 og 6 000 normerte timar.

1.1.1 Samdrift i mjølkeproduksjon

Sjølv om mjølkeproduksjonsbruk som deltek i samdrift med eit eller fleire andre bruk, etterkvart utgjer om lag 12 % av mjølkeprodusentane, er ikkje samdrift med som driftsform i driftsgranskingane. Samdriftene er organiserte på ulike måtar, med ulike modeller for eigarskap av bygningar, maskinar og reiskap¹. Det er også store skilnader i korleis overskotet vert fordelt mellom deltakarane. I driftsgranskingane er det krav om at totaløkonomien for brukarfamilien skal registrerast, for samdriftene er det svært vanskeleg å komme fram til eit tilsvarende uttrykk for kvar av deltakarane. Det har derfor førebels ikkje vore mogleg å ta samdriftene inn i driftsgranskingane. Når eit bruk som er deltakar i driftsgranskingane går inn i samdrift, vert det teke ut av granskinga. Nokre av desse bruka har sagt seg villige, saman med dei andre som tek del i samdrifta, til å vere med i ei spesialgransking som tek føre seg økonomien for samdrifter i mjølkeproduksjon.

1.2 Tidlegare undersøkingar i Noreg

Økonomien for samdrifter vart handsama i fleire undersøkingar på 1970-talet. Dei seinare åra er det i liten grad utført slike undersøkingar.

I 2001 gjennomførte NILF ein utgreiing om økonomien for samdrifter i mjølkeproduksjonen for Noregs Bondelag (Holien 2001). Der vart økonomien ved samdrift samanlikna med enkeltbruk av same storleik. Undersøkinga tok utgangspunkt i resultat frå deltakarbruk i driftsgranskingane og samanlikna resultata med modellar for samdrifter der ein hadde lagt inn venta gevinst ved rasjonalisering og tilskot etter gjeldande reglar. Tala for samdriftene føresette full tilpassing til samdrift frå første dag, og tok ikkje omsyn til at tilpassing til ny driftsform ofte tek tid.

Ut frå dei utrekingane som vart gjorde, vart det konkludert med at reglane for tilskot var svært avgjerande for økonomien for samdriftene, og at det var meir lønsamt å drive i samdrift enn på enkeltbruk av same storleik.

I et samarbeidsprosjekt mellom Nordlandsforskning og NILF, Scenarier for landbruket i Nordland (Brastad m. fl. 2003), vart ulike framtidsbilete vurderte. Mellom anna vart det ved hjelp av planleggingsprogrammet NORKAP², føreteke ei samanlikning av samdrifter og enkeltbruk ved ei omlegging til større einingar. Det vart konkludert med at det var vanskeleg for eit enkelt mjølkeproduksjonsbruk å klare svært store investeringar i nytt driftsapparat, og at i eit slikt framtidsbilete hadde samdriftene eit føremon.

1.3 Spesialgransking

For å få betre innsyn i økonomien på bruk som har gått inn i samdrift, vart det frå rekneskapsåret 2000 sett i gang ei spesialgransking av ein del samdrifter. Gjennom spesialgranskinga ønskjer ein å sjå på økonomien på desse bruka samanlikna med tradisjonelle familiebruk, men det har også vore viktig å få erfaring med utarbeiding av driftsrekneskap for samdrifter. På sikt vil det vere naturleg at også samdrift i mjølkeproduksjon vert teken inn som eiga driftsform i NILFs driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

¹ Om organisering av samdrifter kan ein til dømes lese i «Samdrift i melkeproduksjonen» (Heie og Breen 1999)

² NORKAP er NILF sitt program for driftsplanlegging

2 Utval og metode

Det er henta inn rekneskap frå samdrifter for åra 2000 og 2001. For rekneskapsåret 2000 vart det utarbeidd driftsrekneskap for fem bruk, eit i Nord Noreg, to i Trøndelag og to på Vestlandet. For 2001 vart det i tillegg henta inn rekneskap frå to samdrifter på Austlandet. Dei to samdriftene på Austlandet har om lag 19 årskyr, medan gjennomsnittet for dei fem andre er om lag 34 årskyr, med variasjon mellom 26 og 44 årskyr. Fordi mjølkeproduksjonen er mindre på dei to bruka frå Austlandet, har ein valt å ikkje ta desse to samdriftene med i gjennomsnittstala som vert presenterte i dette notatet.

I driftsgranskingane er utvalet av nye bruk basert på lister over bruk som er tilfeldig trekte frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Nokre av bruka som er med i samdriftene i denne undersøkinga, har tidlegare vore med i driftsgranskingane, medan andre er rekrutterte særskilt for denne undersøkinga. Utvalet av samdrifter kan ikkje seiast å vere tilfeldig i statistisk samanheng.

2.1 Driftsrekneskap for samdriftene

For at ikkje ulik organisering skal verke inn på driftsrekneskapen for samdriftene, har ein valt å sjå alle bruka som går inn i samdrifta, under eitt. I avsnitta under vil vi kort gå gjennom korleis dette er gjort.

Eigedelar – jord, grøfter, bygningar og maskinar

Både i skatterekneskapen og i driftsrekneskapen vert anleggsmidlar verdsette til historisk kostpris med frådrag for eventuelle offentlege tilskot. Verdi av eige arbeid vert lagt til kostprisen i driftsrekneskapen.

Det vert nytta lineære avskrivningar ved utarbeiding av driftsrekneskap. Saman med historisk kostpris, gjer dette at tidspunktet for investeringa har mykje å seie både for verdesetjing av eigedelar i balansen og for kor store årlege avskrivningar eit bruk har. Til dømes vil eit bruk som nyleg har hatt store investeringar ha høge avskrivningar, og derfor høge faste kostnader. Ved høg prisstiging vert det stor skilnad mellom bruk som har delvis avskrive driftsapparat, og bruk som nyleg har hatt store investeringar.

Samdriftene har valt ulik praksis for korleis egedelane er førde i skatterekneskapen. For å kunne samanlikne tala har vi i driftsrekneskapen teke med alle egedelane på dei bruka som deltek, også dei som deltakarane ikkje har overført/selt til samdrifta. Dette er gjort for å få med kostnadene også for den delen av garden som ikkje vert nytta direkte i samdrifta.

Alt nyanlegg i jordbruket vert ført som nyanlegg på samdrifta.

Produksjonsinntekter og kostnader

Alle jordbruksinntekter og kostnader som er førte i eiga næringsoppgåve frå enkeltbruka som deltek i samdrifta, er tekne med i produksjonsinntektene. Inntekter frå anna husdyrhald som ikkje er teke inn i samdrifta er altså likevel med i driftsrekneskapen til samdrifta. Likeeins er alle tilskot tekne med.

Om ein ikkje hadde rekna all jordbruksproduksjon med som ein del av samdrifta, måtte både variable kostnader og faste kostnader på det enkelte bruket blitt vurderte og fordelte mellom det enkelte bruket og samdrifta. Det er ofte svært vanskeleg å finne ein god nøkkel for deling av kostnader som ikkje direkte avheng av produksjonen, og ein har derfor valt å ta all jordbruksinntekt med som del av samdrifta i denne granskinga. Inntekter frå skog og eventuell tilleggsnæring på bruka, er ikkje tekne med. Unntak er der det er inntekter relatert til traktor og maskinar. Jordbrukstraktor som er brukt i skogen, og inntekter frå utleige av maskinar som er tekne med på næringsoppgåva for jordbruket, er inntektsført på samdrifta.

Mellomrekning mellom samdrifta og bruka, til dømes leige av jord og bygningar og løn til deltakarane, er teke ut av driftsrekneskapen.

Privatøkonomi

I driftsgranskingane er privatøkonomien til deltakarane med. Løsinntekt og inntekt frå anna næring vert registrert, både for brukaren og for eventuell ektefelle/sambuar. I tillegg vert innbetalt skatt, renteinntekter og –utgifter registrerte. Ein kjem då fram til samla nettoinntekt for brukarfamilien. Desse registreringane gjer at ein over ei årrekke mellom anna kan sjå korleis samansettinga av inntektene har endra seg.

For samdriftene som er med i denne granskinga, har vi ikkje teke inn opplysningar om privatøkonomien for brukarfamiliane, og kan derfor ikkje vurdere korleis deltaking i samdrift har verka inn på den økonomiske situasjonen for dei enkelte deltakarane. Det som vert presentert i dette notatet, viser berre korleis jordbruksdrifta har vore samanlikna med andre grupper, og ikkje korleis inntekta frå drifta vert fordelt mellom deltakarane. Skulle ein vurdert også deltakarane sin økonomiske situasjon, måtte ein henta inn opplysningar om privatøkonomien for kvar deltakarfamilie. I tillegg måtte ein ha vurdert korleis til dømes gjeld og gjeldsrenter skulle vore delt mellom drift og privat.

2.2 Samanlikningsgrupper

Resultata frå samdriftene er samanlikna med gjennomsnittstal frå bruk som er med i driftsgranskingane. Det er nytta to ulike samanlikningsgrupper, ei med bruk som har om lag same årskutal som samdriftene, og ei som viser resultat frå bruk som har om lag halvparten så mange årskyr.

I gruppa med om lag same årskutal ($dgr > 29$), er det med bruk frå driftsgranskingane som har meir enn 29 årskyr. I denne gruppa er det 12 bruk både i 2000 og 2001. I 2000 kom åtte av dei tolv frå Rogaland, i 2001 kom sju av bruka i denne samanlikningsgruppa frå Rogaland. Ved samanlikning må ein ta omsyn til at det er overvekt av bruk frå eit område med gunstige driftstilhøve og låge tilskot.

I den andre samanlikningsgruppa (dgr 15) er det gjennomsnittstal frå alle mjølkeproduksjonsbuka i driftsgranskingane, 432 bruk i 2000 og 430 bruk i 2001. I gjennomsnitt har desse bruka 15,0 årskyr i 2000 og 15,4 i 2001. Denne gruppa er teken med for å få eit inntrykk av korleis lønsemda ville vore for bruka dersom dei ikkje hadde gått inn i samdrift.

3 Produksjonsomfang og innsatsfaktorar

3.1 Produksjonsomfang

Arskyr, mjølkekvote og omsett mjølk

I gjennomsnitt hadde samdriftsbruka 34,4 årskyr i 2000 og 33,3 i 2001. Bruka i samanlikningsgruppa med meir enn 29 årskyr, hadde om lag like mange årskyr, 33,6 i 2000 og 32,9 i 2001. Mjølkekvoten var noko høgare for samdriftsbruka enn for bruka i samanlikningsgruppa, og det vart omsett meir mjølk frå samdriftene begge åra, 15 583 liter meir i 2000 og 2 834 liter meir i 2001. I gjennomsnitt har dei to gruppene relativt lik yting per årsku, høvesvis 6 300 og 6 800 kg mjølk per årsku.

Omsett storfekjøtt


Samdriftene omset meir storfekjøtt enn bruka frå samanlikningsgruppa begge åra, både totalt og per årsku.

Tabell 3.1 Omsett storfekjøtt, kg per årsku

	Samdrift		Dgr > 29 årskyr	
	2000	2001	2000	2001
Omsett storfekjøtt, kg per årsku	264	331	197	269

Areal

Samdriftene nyttar eit mykje større areal til grovfôrproduksjon enn bruka i samanlikningsgruppa. Av eit totalareal på 463 dekar vert om lag 450 dekar nytta til grovfôr. Bruka i samanlikningsgruppa har eit totalareal på 324 i 2000 og 345 i 2001. Av dette er om lag 285 dekar nytta til grovfôr. Resten av arealet er i hovudsak nytta til kornproduksjon på bruka i begge gruppene.



Figur 3.1 Totalt jordbruksareal og areal nytta til grovfôr

Bruka i samanlikningsgruppa har høgare avlingar per dekar enn samdriftsbruka (sjå tabell 3.2). Desse bruka er i hovudsak lokaliserte på Jæren, og har eit avlingsnivå som er representativt for denne delen av landet. Mellom samdriftene som er med i granskinga, er det stor variasjon i avling per dekar. I 2001 var høgaste avling per dekar 615 FEm og lågaste 357 FEm. Skilnaden i avlingsnivå mellom desse bruka skuldast truleg ulike klimatiske tilhøve.

Rekna per årsku nyttar samdriftene rett i overkant av 13 dekar til grovfôr, medan bruka i samanlikningsgruppa nyttar mellom 8 og 9 dekar til grovfôr per årsku. Dette er om lag same arealkrav per årsku som ein finn for ulike delar av landet i driftsgranskingane.

Tabell 3.2 Grovforavling per dekar


	Samdrift		Dgr > 29 arskyr	
	2000	2001	2000	2001
Avling grovfor per dekar, FEm	420	444	573	535
Grovfor i alt, FEm	184 687	192 149	162 027	152 380
Grovfor i alt, FEm per årsku	5 372	5 777	4 820	4 635

3.2 Egedelar

Når eit bruk går inn i samdrift med andre bruk, er ofte bygningsmasse og maskinpark tilpassa eit bruk som vert drive som sjølvstendig eining. Ved oppstart av samarbeid mellom bruk, vil ikkje egedelane vere tilpassa den nye driftsforma. For eldre samdrifter vil truleg bygningar og maskinpark vere meir tilpassa driftsforma.

Fire av dei fem samdriftene som er med i denne granskinga, starta opp samarbeidet i 2000. Den femte samdrifta starta opp så tidlig som på slutten av 1970-talet. I gjennomsnitt har samdriftene høgare egedelar i jordbruket enn samanlikningsgruppa. Ser ein på variasjonen i egedelar mellom samdriftene, både totalt og per årsku, er det samdrifta som starta opp i 1979 som har lågaste verdien på egedelar. Dette kan skuldast tilpassing

til driftsforma gjennom ei årrekke, men også verdsettjingsprinsippet³ eller at det har vore negativ nettoinvestering over fleire år⁴, kan vere med å forklare denne skilnaden.



Figur 3.2 Egedelar i jordbruket

3.3 Arbeid


På samdriftene vert ein større del av arbeidsinnsatsen i jordbruket utført av partane (brukarane og deira familie), enn det brukar og familien gjer på samanlikningsbruka. For samdriftene utgjer arbeid utført av deltakarane nesten 90 % av samla arbeidsinnsats. Samanlikningsgruppa med meir enn 29 årskyr vert litt over 70 % av arbeidsinnsatsen utført av brukar eller familien. For dei små samanlikningsbruka utgjer familiens arbeidsinnsats om lag 80 % av den samla innsatsen.

Samla arbeidsinnsats på samdriftene er høgare enn for dei jamstore samanlikningsbruka, både totalt og per årsku sjå figur 3.3 og figur 3.5. Høgare kjøttproduksjon og større areal på samdriftsbruka kan vere forklaring på dette. Betre tilgang på arbeidskraft i form av eigeninnsats for samdriftene, har truleg også noko å seie for kor mange timar som vert sette inn i jordbruket.


³ Ved utarbeiding av driftsrekneskap vert egedelane verdsett etter historisk kostpris, sjå kap. 2.1.

⁴ Negativ nettoinvestering vil seie at verdien av investeringstilskot, avskrivningar og verdien av selde egedelar er høgare enn verdien knytt til kjøp av faste egedelar som traktor, maskinar og reiskap, driftsbygningar og jord og grøfter.


Samanliknar ein arbeidsinnsatsen per deltakarbruk i samdrifta med 15-kyrs bruka frå driftsgranskingane, er arbeidsinnsatsen høgare for driftsgranskingsbruka enn for kvar samdriftsdeltakar. Også per årsku er arbeidsinnsatsen høgast for dei minste bruka. (Sjå figur 3.4 og figur 3.5.)



Figur 3.3 Arbeid i jordbruket, samdriftene samanlikna med driftsgranskingsbruk med meir enn 29 årskyr



Figur 3.4 Arbeid i jordbruket, samdriftene per deltakar samanlikna med driftsgranskingsbruk med 15 årskyr



Figur 3.5 Arbeid i jordbruket fordelt per årsku

3.4 Produksjonsinntekter

Samdriftene har omsatt mjølk for kr 636 000 og 677 000 dei to åra. Det gir ein mjølkepris (utan tilskot) på kr 3,12 og 3,36. Bruka i samanlikningsgruppa oppnådde ein høgare pris for mjølk i 2000 (3,24), i 2001 var utbetalingsprisen om lag lik for dei to gruppene.


Tabell 3.3 viser variasjon i utbetalingsprisar for samdriftene. I 2000 var det stor skilnad mellom beste og dårlegaste utbetalingspris for mjølk. Samdrifta frå Rogaland oppnådde den høgaste utbetalingsprisen med 3,32 per liter. Dette er høgare enn gjennomsnittet for andre bruk frå dette fylket. Gjennomsnittleg utbetalingspris for mjølk for alle bruk frå Rogaland som var med i driftsgranskningane dette året, var den same som for bruka i samanlikningsgruppa (dgr >29), kr 3,24.

Inntektene frå produksjon av storfekjøtt er høgare for samdriftene enn for bruka i samanlikningsgruppa. Det er relativt små skilnader i utbetalingspris mellom dei to gruppene, og skilnaden i inntekter skuldast høgare produksjon på samdriftsbruka.

Tabell 3.3 Variasjon i utbetalingsprisar, samdriftene

Variasjon i utbetalingspris	2000		2001	
	Høgaste pris	Lagaste pris	Høgaste pris	Lagaste pris
Mjølk, kr per liter	3,32	3,04	3,39	3,31
Kukjøtt, kr per kg	23,58	20,70	27,37	21,92
Anna storfekjøtt, kr per kg	28,37	25,88	31,24	29,15


Figur 3.6 viser produksjonsinntekter utanom tilskot for samdriftene og samanlikningsbruka. I 2000 hadde samdriftene høgare inntekter utanom tilskot enn bruka i samanlikningsgruppa. Det var i hovudsak inntekter frå sal av livdyr og slakt som var høgare på samdriftsbruka dette året. Samanlikningsgruppa har høgare inntekt frå kornproduksjon i 2001, inntekter frå husdyrhaldet er om lag like.



Figur 3.6 Produksjonsinntekter utanom tilskot

Om ein skal samanlikne samla produksjonsinntekter på bruka, må ein ta med tilskot. Av bruka som er med i samanlikningsgruppa med meir enn 29 årskyr, er fleirtalet lokalisert i Rogaland. Desse bruka ligg i sone 1 for utrekning av tilskot til areal og kulturlandskap, og dei får ikkje distriktstilskot. For å samanlikne fordeling av samla produksjonsinntekter, er det derfor teke med ei samanlikningsgruppa med bruk frå driftsgranskingane som har om lag same produksjon som enkeltbruka hadde før dei gikk inn i samdrifta.

Figur 3.7 viser fordeling av produksjonsinntektene for samdriftene, bruk frå driftsgranskingane med meir enn 29 årskyr og bruk frå driftsgranskingane med om lag 15 årskyr. Samdriftene får i underkant av 40 % av inntektene frå tilskot. Det er meir enn bruka i samanlikningsgruppa, men litt mindre enn bruka med 15 årskyr.




Figur 3.7 Prosentvis fordeling av produksjonsinntekter

3.5 Kostnader

3.5.1 Variable kostnader

Figur 3.8 viser variable kostnader for samdriftene og for samanlikningsgruppa. Samdriftene har høgare variable kostnader totalt, særleg er det kostnader til innkjøp av fôr som er høgare. Ei av samdriftene har produksjon av svinekjøt i tillegg til mjølk- og storfe-kjøtproduksjon. Høge kraftfôrkostnader på dette bruket er med på trekke opp gjennomsnittet. I tabell 3.4 er kostnader til kraftfôr til svin trekt ut. Det er høgare kostnader til kraftfôr på samdriftsbruka. Dette kan forklarast med høgare produksjon, både av mjølk og storfekjøt per årsku.



Figur 3.8 Variable kostnader

Tabell 3.4 Kraftforkostnader per årsku ¹

	Samdrift		Dgr > 29 årskyr	
	2000	2001	2000	2001
Kraftfor per årsku, kr	8 739	8 623	6 662	7 819

1) Kraftfor til svin er trekt ut

3.6 Faste kostnader


Samdriftene har høgare kostnader til avskrivningar enn bruka i samanlikningsgruppa. For samdriftene er alle eigedelar i jordbruket tekne med i driftsrekneskapan, sjå 3.2. Med unntak av ei, er samdriftene nystarta. Driftsapparatet er derfor ennå ikkje tilpassa den nye driftsforma, og innsett kapital vert høg. Dette gjer at dei lineære avskrivningane også vert høge.

På samdriftene vert ein større del av arbeidet utført av brukarane, og innleidd hjelp utgjer om lag 10 % av samla arbeidsinnsats. På samanlikningsbruka vert om lag 30 % av arbeidsinnsatsen utført av leigd hjelp. Høg del eige arbeid, gjer at kostnadene til leigd hjelp vert lågare på samdriftsbruka enn på bruka i samanlikningsgruppa.

Figur 3.9 viser at samdriftene har høgare «andre kostnader» enn samanlikningsbruka. Det er i hovudsak kostnader til administrasjon som er høgare for samdriftene, mellom

anna er kostnadene til rekneskapsføring og bruk av eigen bil høgare. Høge rekneskapskostnader kjem av at det vert ført eit rekneskap for kvar av partane og eit for samdrifta. Kjøring mellom bruka gjer at det vert høge kostnader til bruk av bil.

Ser ein på dei faste kostnadene under eitt, er det relativt liten skilnad mellom dei to gruppene.



Figur 3.9 Faste kostnader

4 Resultatmal i jordbruket

Det vert nytta fleire ulike resultatmål for å måle lønsemd i jordbruket. Vederlag til arbeid og eigenkapital er eit av hovudresultatmåla ved presentasjon av driftsgranskningane i jord- og skogbruk, og er også nytta ved jordbruksforhandlingane. Vederlaget er definert som driftsoverskot pluss kostnadene til leigd arbeid minus jordbruket sin del av utgifter til renter og kår. Jordbruket sin del av renter og kår vert sett til den prosentdelen som verdien av egedelane i jordbruket utgjer av summen av alle egedelar.

Ved utarbeiding av driftsrekneskap for samdriftene, er det ikkje teke omsyn til deltakarane sine private egedelar, som bustad og privatbil. Heller ikkje gjeldspostar og utgifter til gjeldsrenter som er førde i deltakarane sine rekneskapar, er tekne med. I driftsrekneskapen er derfor berre den delen av gjelda som er førd på samdrifta i skatterekneskapen, med. Om ein skulle rekna ut vederlaget til arbeid og eigenkapital for samdriftene, måtte gjeld som vedkjem jordbruket, og som er førd i rekneskapen til deltakarane, vore skilt ut og overført til driftsrekneskapen for samdrifta. Dette er mogeleg å gjere, men ressurskrevjande, og er ikkje rekna ut for samdriftene som er med i denne spesialgranskninga. Driftsrekneskapane for samdriftene manglar derfor opplysningar som ein må ha for å kunne kome fram til vederlag for arbeid og eigenkapital, og dette resultatmålet kan ikkje nyttast for bruka i denne granskninga. I dette kapitlet vil vi derfor sjå på nokre av dei andre resultatmåla som er mykje nytta i jordbruket, dekningsbidrag, driftsoverskot, arbeidsforteneste og lønsevne.


4.1 Dekningsbidrag

Dekningsbidrag er eit mykje nytta resultatmal i jordbruket. Dekningsbidrag er definert som produksjonsinntekter minus variable kostnader, og viser kor mykje som er att til å dekke faste kostnader, rente på innsett kapital og eige arbeid. Resultatmålet vert ofte brukt til samanlikning av drifta på ulike bruk. Rekna per eining, kan ein samanlikne dekningsbidraget utan at storleik og tidlegare investeringar i til dømes bygningar og maskinar, verkar inn på resultatet.

Dekningsbidraget utan tilskot er høgast for dei største driftsgranskingsbruka begge åra, men det er liten skilnad mellom desse bruka og samdriftene. figur 4.1 viser dek-

ningsbidrag per årsku for samdriftene og dei to samanlikningsgruppene. I desse tala er det ikkje korrigert for inntekter og variable kostnader som ikkje vedkjem mjølkeproduksjonen. Dekningsbidraga ligg derfor noko høgare enn om ein hadde sett berre på mjølkeproduksjonen, men andre produksjonar utgjer svært lite samanlikna med mjølkeproduksjon.

Ser ein på dekningsbidrag per årsku inkl. tilskot, er dei minste bruka frå driftsgranskingane og samdriftene omtrent like. Dei store bruka frå driftsgranskingane får mindre tilskot rekna per årsku enn dei to andre gruppene, og dekningsbidrag inkl. tilskot ligg derfor lågast for denne gruppa. Låge tilskot i denne gruppa skuldast mellom anna at dei i hovudsak ligg i ein sone med låge tilskotsatsar.



Figur 4.1 Dekningsbidrag per årsku

4.2 Driftsoverskot

Driftsoverskot er definert som produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal gje godtgjering til familien sitt arbeid i drifta, samt ei rimeleg rente for kapitalinnsatsen. For samdriftene skal driftsoverskotet gje godtgjering til alle deltakarane og all kapitalen som er knytt til samdrifta.

Samanlikna med bruka frå driftsgranskingane, er driftsoverskotet høgare på samdriftsbruka begge åra. I 2000 var driftsoverskotet for samdriftene om lag kr 508 000 og i 2001 om lag kr 603 000. For 2000 var det 168 000 meir enn dei jamstore bruka og 38 000 meir enn for 2,2 gongar driftsoverskotet for 15-kyrs bruka⁵. I 2001 var skilnaden større, 229 000 meir enn for dei jamstore og 124 000 meir enn for 15-kyrs bruka.


Ser ein på driftsoverskot per årsverk, er det om lag likt for samdriftene og dei jamstore bruka begge åra, men høgare enn driftsoverskotet per årsverk for 15-kyrs bruka. figur 4.2 viser ulike resultatmål for dei tre gruppene.

⁵ Bak gjennomsnittstala for samdriftene ligg det 2,2 enkeltbruk.

4.3 Arbeidsforteneste

Eit anna resultatmål som vert nytta i samband med driftsgranskingane, er «familiens arbeidsforteneste». Dette resultatmålet viser kor mykje som er att til godtgjering til arbeidet frå familien. Arbeidsfortenesta er det som vert att når ein trekkjer ei godtgjering for innsett kapital frå driftsoverskotet. For samdriftene vil arbeidsfortenesta vise kor mykje som er att til godtgjering til arbeidet for kvar av deltakarane som er med i samdrifta.

Samdriftene har høgast arbeidsforteneste, både totalt og fordelt per årsverk à 1845⁶ timar. Skilnaden er mindre mellom gruppene når ein ser på arbeidsfortenesta per årsverk. Det skuldast at det er nytta fleire timar eige arbeid frå brukarane i samdriftene enn frå brukarfamilien på driftsgranskingsbruka.




Figur 4.2 Driftsoverskot, arbeidsforteneste og arbeidsforteneste per årsverk for samdriftene og samanlikningsgruppene

4.4 Lønsevne

Lønsevne eit uttrykk for kor mykje bruket kan betale for samla arbeidsinnsats, og viser kor mykje som er igjen til løn når innsett kapital har fått godtgjering.

Ser ein på lønsevne per time, er ho om lag lik for alle dei tre gruppene i 2000. I 2001 har samdriftsbruka oppnådd ein lønsevne per time på om lag kr 85. Det er kr 10 høgare enn bruka i gruppa med store bruk (dgr > 29), og 20 kr meir enn bruka med 15 årskyr.

⁶ Fram til og med rekneskapsåret 2000 var eit årsverk sett til 1875 timer. I 2001 vart timetalet justert til 1860 timar og i 2002 til 1845 timar. I denne undersøkinga er 1845 timar nytta alt for år 2000 og 2001, slik at ein slipp omrekning ved samanlikning seinare år.



Figur 4.3 Lønsevne per time for samdriftene og samanlikningsgruppene

5 Oppsummering

Resultata som er presenterte i dette notatet byggjer på resultat frå fem samdrifter i ulike delar av landet. I gjennomsnitt ligg årskutalet for desse bruka på kring 34. På fire av samdriftene er det to bruk som har gått saman, på den siste er det tre bruk som er med, i gjennomsnitt er det derfor 2,2 deltakarar.

Samanliknar ein arbeidsinnsatsen for dei som deltek i samdrift med bruk som er av same storleik som enkeltbruka før dei gjekk inn i samdrift (15 kyr), ser ein at arbeidsinnsatsen er redusert. Samanlikna med bruk av om lag same storleik som samdriftene, er den registrerte arbeidsinnsatsen høgare for samdriftene. Arbeidsinnsatsen på samdriftene er i større grad basert på innsats frå deltakarane, leigd hjelp utgjer berre om lag 10 % av samla arbeidsinnsats. For samanlikningsbruka frå driftsgranskingane utgjer leigd hjelp knappe 30 % for dei som har meir enn 29 årskyr og 20 % for bruka med 15 årskyr.

Samdriftene har høgare variable kostnader enn bruk av same storleik, særleg er det kostnader til innkjøpt fôr som trekker opp dei variable kostnadene på samdriftene.

Avskrivningane er høgare på samdriftene enn på dei jamstore bruka. Denne skilnaden vil venteleg verte mindre etterkvart som driftsapparatet på samdriftene vert tilpassa ny driftsform. Høgare kostnader til rekneskapsføring og bruk av eigen bil til kjøring mellom bruka, gjer at administrasjonskostnadene vert høge for samdriftene. Lågare del leigd hjelp gjer at samdriftene også har lågare kostnader til arbeidshjelp enn samanlikningsbruka. Dette gjer at dei samla faste kostnadene vert jamna ut mellom gruppene.

Produksjonsinntekter utanom tilskot er om lag like for samdriftene og samanlikningsgruppa med jamstore bruk. Dekningsbidrag før tilskot ligg noko lågare for samdriftene enn for dei jamstore bruka frå driftsgranskingane rekna per årsku, men noko høgare enn for 15-kyrs bruka.

Samla tilskot har mykje å seie for det økonomiske resultatet for samdriftene, men det er vanskeleg å samanlikne dei samla inntektene og økonomiske resultata frå samdriftene med tilsvarande bruk frå driftsgranskingane. Samanlikningsgruppa med jamstore bruk frå driftsgranskingane har overvekt av bruk frå Rogaland som kjem i ei sone med lågare tilskotssatsar enn samdriftsbruka. Skal ein trekke sikre konklusjonar om økonomien for samdriftene samanlikna med bruk som er like store, må ein ved eit seinare høve leggje inn rette tilskotssatsar i ein modell før ein føretek samanlikninga.

Litteratur

- Brastad B., A. Hegrenes, L. Rønning, O. K. Storness og L. M. Årseth, 2003. *Scenarier for landbruket i Nordland*, NF-rapport nr. 2 2003, Nordlandsforskning og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Bodø
- Heie K. og T. Breen, 1999. *Samdrift i mjølkeproduksjonen*, Det Kgl. Selskap for Norges Vel og Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Hellerud og Oslo.
- Holien S. O., 2001. *Økonomien for samdrifter i mjølkeproduksjon*, NILF-notat 2001–14. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, 2000 og 2001, *Driftsgranskingar i jord- og skogbruk. Regnskapsresultater 2000 og 2001*. Oslo.